



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

**Dato: Mandag 18.05.2020**

**Klokka 10.00 – 15.00**

**Stad: Heradshuset, Kinsarvik**

Til stades:

Eidfjord kommune:

Kvam herad:

Ullensvang kommune:

Ulvik herad:

Voss herad:

Hardangerrådet iks:

Rådmannsforum:

Administrasjonen:

Ordfører Anders Vatlle

Ordfører Torgeir Næss - rådsordfører

Ordfører Roald Aga Haug - rådsvaraordfører

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Ordfører Hans-Erik Ringkjøb

Styreleiar Toralv Mikkelsen

Rådmann Anita Hesthamar

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

#### Agenda:

10.00 - 11.30 Sakshandsaming

11.30 - 12.00 Lunsj

12.00 - 15.00 Sakshandsaming

#### Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Anders Vatlle

Roald Aga Haug

#### Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

#### Saker til handsaming:

**HR-sak 07/20 Saker innmeldte ved starten av møtet.**

**Vert tatt opp under sak 14/20.**

- Turistbåtruta på Hardangerfjorden 2020 - Utsett oppstart
- Hardangerkonferansen 2020
- EU-prosjekt "Lokal kultur - internasjonal sider"
- Hardanger-Berlin - finansiering 2021 -2022
- Lysregulering Kyrkjenes - Berget
- Midlar til prosjekt - koronamidlar

**HR-sak 08/20 Meldingar**

#### Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande.

**HR-sak            09/20   Norsk Hydrogensymposium 2020 - Søknad om støtte**

Forslag om å ikkje støtta prosjekt som fast ordning. Hardangerrådet har tidlegare støtta slike initiativ i ein oppstartsfase. Evt. støtte dette året vil ikkje gje føringar for komande år.

**Vedtak:**

Hardangerrådet løyver kr 50.000 i støtte til Norsk Hydrogensymposium 2020. Løyvinga føreset at symposiet vert gjennomført 22. og 23. september etter opprinneleg plan. Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond". Hardangerrådet presiserer at støtten er særskilt for symposiet 2020 og ikkje kan påreknast vidareført

**HR-sak            10/20   Næringshagesamarbeid - Søknad om støtte**

**Vedtak:**

Hardangerrådet støttar samarbeidsprosjektet mellom dei 3 næringshagane i Hardanger og Voss med kr 100.000. Løyvinga føreset fullfinansiering av prosjektet. Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".

**HR-sak            11/20   Ny tingrettstruktur  
                         Uttale frå Hardangerrådet**

Viktig å få fram presisering av kva kommunar som stod bak uttalen til domstolkommisjonen i 2019 og kva kommunar som står bak ein uttale til departementet i 2020.

Det bør arbeidast meir med formuleringane i uttalen og denne bør godkjennast via epostutveksling mellom rådsmedlemmene før 2. juni. Viktig at ein formulerer protest mot heile tingrettsreforma.

**Framlegg til vedtak:**

Hardangerrådet sender slik uttale til Justis- og beredskapsdepartementet:

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

**Høyring Domstolkommisjonens utredning NOU 2019 - Domstolstruktur  
- uttale frå Hardangerrådet.**

Hardangerrådet er regionråd for herada/kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss.

25. mars 2019 inngjekk Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett ein intensjonsavtale om samanslåing av domstolane. Ved ei samanslåing som angitt i intensjonsavtalen får domstolane felles rettskrins, hovudkontor med sorenskrivar, tingrettsdommar, dommarfullmektig, adminsitrasjonssjef og sakshandsamarar i Sunnhordland, samt rettsstader med tingrettsdommar, dommarfullmektig og sakshandsamarar i Hardanger.

Hardangerrådet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland gav 12.03.2019 ein fellesuttale til Domstolkommisjonen der regionråda argumenterte for ei samanslåing av Hardanger og Sunnhordland tingrettar til ein felles tingrett med hovudkontor i Sunnhordland (Stord) og avdelingskontor i Hardanger (Lofthus).

Av NOU 2019:17 er det føreslege at Hardanger tingrett sin rettskrins vert delt i to, der kommunane Kvam, Eidfjord og Ulvik vert ein del av Hordaland tingrett sin rettskrins. Ullensvang og heile Sunnhordland er føreslege lagt under Haugaland tingrett.

Forslaget til Justisdepartementet er at både Hardanger og Sunnhordland tingrettar skal vera berre rettstader og ikkje eigne tingrettar.

Hardangerrådet vil understreka på nytt det vi sa i vår fellesuttale: Ved å slå saman tingrettane i Hardanger og Sunnhordland til ei eining, vil ein betre enn idag kunne ivareta krava til fagmiljø, ressursutnytting, kompetanse og kvalitet. Ein ny Hardanger og Sunnhordland tingrett vil på ein god og framtidsretta måte kunne gje innbyggjarane tenester på høgt nivå.

Å ha ein tingrett forankra i regionen vil ha verknad også for andre tilknytte funksjonar. T.d. er det sterk samanheng mellom tingrett, påtalejuristar, arrest og privat advokatpraksis.

Spreidd busetnad og store utkantområde er noko som kjenneteiknar landet vårt, slik er det òg i Hardanger og Sunnhordland. Innbyggjarane vil gjerne behalda ein tingrett dei kjenner seg att i. Aktørane i området er nøgde med ein domstol det er enkelt å samarbeida med. Ved å slå saman embete i større einingar, men oppretthalda funksjonar lokalt, kan ein både vera nært folk og utnytta ressursane meir effektivt.

Distriktsdomstolmodellen vil fungera godt for Hardanger og Sunnhordland, slik den til dømes har gjort for Sogn og Fjordane. Samanslåing mellom Hardanger og Sunnhordland tingrett er den beste modellen for organisering i desse regionane.

Kinsarvik, 18. mai 2020

Med venleg helsing  
Hardangerrådet

Torgeir Næss  
rådsordførar  
Hardangerrådet signerer digitalt

Jostein Eitrheim  
dagleg leiar

**Vedtak:**

Uttale vert utsett til etter godkjenning i Teams-møte 29.05. kl 14.00-15.00

- HR-sak 12/20 Hardangerrådet frå 2021**
- **Medlemskommunar**
  - **Driftsmodell**
  - **Strategiplan**

Rådsordførar orienterte om bakgrunn, saksutgreiing og framlegg til vedtak.

Hans-Erik Ringkjøb orienterte om bakgrunn for Voss heradsstyre sitt vedtak. Bakgrunnen er ønskje om å sjå på ein ny region "Indre Vestland" og mogelege samarbeids-/selskapsformer. Roald Aga Haug gav støtte til framlegg til vedtak.

Anders Vatte ønskjer vidareføring av Hardangerrådet, men ønskjer at samhandling med Voss vert god.

Hans Petter Thorbjørnsen argumenterte for å oppretthalda eigen administrasjon uavhengig av kommuneadministrasjonane. Ønskjer primært Voss med i samarbeidet, men vil ikkje gjera vedtak om nedlegging i dette møtet.

Voss ønskjer å samarbeida med Hardangerkommunane, men krev å få starta med "blanke ark".

Styreleiar orienterte om styret sitt innspel til regionrådet gjennom vedtak i styremøte 14.05.2020.

Ullensvang kommune ønskjer avklaring slik at ein kjem vidare i utviklingsarbeidet som Hardangerrådet skal ha fokus på.

Ulvik ser ein region der Voss er med som førsteval. Fylkeskommunen har også gjeve signal om at ein ønskjer større regionar.

Eidfjord har sansen for tankane omkring "Indre Vestland".

Ullensvang ønskjer avklaring i dette møtet. Viktig med formelle prosessar og evt. oppseiingstider m.m.

Ulvik: viser til krav om strategiarbeid som må gjerast ila 1. halvår

**Vedtak:**

Hardangerrådet IKS held fram i si noverande selskapsform.

Driftsmodell og strategiplan for komande år skal drøftast og utarbeidast i dei neste møta.

Vedteke mot 1 røyst (Voss herad)

**HR-sak 13/20 Orientering om viktige saker i kvar kommune og i Vestland fylkeskommune med særleg vekt på koronapandemien - Orientering ved kvar ordførar**

Ulvik:

Koronasituasjonen har fokus.

Kvam:

Ingen nye smittetilfeller.

Utfordringar på reinhald skular er løyst med nye tilsetjingar.

Campingforskrift er oppheva frå idag.

Dei neste formannskap- og heradsstyremøter vert fysiske møter.

Motkonjunkturtiltak

Havbrukskatt

### Voss:

Koronasituasjonen - utfordringar for næringslivet.

Marknadsføringstiltak - reiseliv

500.000 i støtte til marknadsføringsarbeid i reiselivsverksemdar

Godt smittevern

Bør tenkja interkommunalt samarbeid ift. helsetiltak ved framtidige epidemiar/pandemiar.

ROS for reiselivskommunar ift. nye situasjonar.

Legevakt.

### Eidfjord:

Ordførar har vore "tilskodar" til dei kommunale tiltak og prosessar.

Utfordringar for reiselivet

### Ullensvang:

Korona: ingen smitte i kommunen.

1-meters regel vert ikkje etterlevd ved arrangement.

Bra samarbeid med andre kommunar

Kritikk for opning av Røldal skisenter og Folgefonna sommarskisenter

Arbeidsløysetal: låge tal samanlikna med kommunar der reiselivet er meir dominerande.

Turistbåtruta har utsett oppstart til 1. juni ?

Parkeringsavgift.

## **HR-sak            14/20    Orientering- og drøftingssaker**

- Turistbåtruta på Hardangerfjorden 2020 - Utsett oppstart  
Hardangerrådet ber om oppstart 1. juni for turistbåtruta på Hardangerfjorden
- Hardangerkonferansen 2020  
Vi gjennomfører neste møte i programstyret og vurderer der om Hardangerkonferansen kan gjennomførast som planlagt.
- EU-prosjekt "Lokal kultur - internasjonal sider"  
Trude orienterte om søknad og mål med prosjektet.
- Hardanger-Berlin - finansiering 2021 -2022  
Oppmoding til Ullensvang kommune om å løyva midlar også for åra 2021-2023.
- Lysregulering Kyrkjenes - Berget  
HR tar kontakt med SVV om dette.
- Midlar til prosjekt - koronamidlar  
Dagleg leiar orienterte om samhandling i Team Hardanger og tett kontakt mellom TH, Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge vedr. "koronamidlar" til næringslivet.

- Invitasjon frå Vestland fylkeskommune om innlegg på møte 2. juni.  
Rådsordførar og dagleg leiar utarbeider presentasjon til dette møtet. Denne vert sendt ordførarane til uttale/godkjenning.

**Møteboka godkjent 18.05.2020**

Torgeir Næss  
Rådsordførar

Rådsmedlem  
Anders Vatile

Rådsvaraordførar  
Roald Aga Haug